

Arbeidsbåten mot fullføring

17.07.2015



Arbeidet med arbeidsbåten går for fullt

Arbeidsbåten for oppdrettsnæringa som vert bygd av polske arbeidrarar hos Eidsvik er ikke fullført enno og på grunn av at nøkkelpersonane er på ferie kan verksemda heller ikke eksakt opplysa om når det vil skje. Men arbeidet hos Eidsvik går for fullt.

Opprinnleget vart det sagt at båten skulle fullførast i juli.

20 mann skulle maksimalt komma i arbeid.

Fitjar Mekaniske Verksted har leigd seg inn i Uskedalen på grunn av plassproblem på heimebane. Båten vert heitande Rubin. Det er Stava Sjø i Sveio som har bestilt katamaranen og skal nytta han i oppdrettsnæringa i Rogaland. Størrelsen vert 12 X 22 meter.

Fitjar-verksemda er solid og allsidig bedrift med omkring 60 tilsette.

Til byggjinga av understellet til Rubin nyttar dei i vesentleg grad polske arbeidrarar frå ei anna Fitjar-verksemnd. Det går med nesten 60 tonn stål til jobben.

Båten vert bygd oppned og så snudd før baug og akterdel sveisast saman.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen